



Arkivnr: 2015/869-1

Saksbehandlar: Elisabeth Bjørsvik, Per Morten Ekerhovd

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet		11.02.2014
Fylkesutvalet		19.02.2014
Fylkestinget		10.03.2015

### Oppfølging av Regional plan for museum 2015

#### Samandrag

Fylkestinget har løyvd 2 mill. kroner til oppfølging av museumsplanen for 2015. Midlane markerer såleis ei naturlig vidareføring av satsingane frå 2012, og som er ført vidare i Regional plan for kultur.

I rulleringa av handlingsprogrammet for museumsplanen i 2014 vart talet på tiltak redusert frå 46 til 37. Det innebar også at talet på prioriterte tiltak vart redusert frå ni til åtte. Dei 37 tiltaka i Museumsplanen er utarbeidd i nært samarbeid med musea og andre sentrale aktørar. Åtte har status som særleg prioriterte. Handlingsprogrammet for 2015 har også desse prioriteringane. Det er siste året Museumsplanen vil gjelde i si noverande form. Den skal erstattast med Regional plan for Kultur 2015-2025. Museumsplanen sine tiltak er innretta slik at dei skal løfte museumsfeltet som heilskap, gjennom mellom anna fellestøysingar og særlege område som må prioriterast. Dei tiltaka som er innstilt med løyvingar, er tiltak som kjem att i kulturplanen.

Satsinga på museumsfeltet gjennom Museumsplanen har utløyst større grad av samhandling. Musea ser behovet for fellestenester innan dei ulike feltene. I tillegg har ein fått møteplassar som ein tidlegare ikkje hadde.

Utfordringane i museumsfeltet er fortsatt store, ikkje minst med omsyn til investeringar og drift.

#### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek handlingsprogram for 2015, Regional plan for museum 2011-2015, slik det går fram av saka.
2. Fordeling av museumsplanmidlar for 2015, 2 millionar kroner, er i handlingsprogrammet fordelt på det einskilde tiltak, men ikkje spesifisert med omsyn til enkeltinstitusjonane. Ei slik fordeling vert å kome attende til i eiga sak til avgjerd i Kultur- og ressursutvalet før sommaren.

3. Endeleg statusrapport for museumsplanmidlar åra 2012 til og med 2015 vert lagt fram i sak for fylkestinget våren 2016.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Anna Elisa Tryti  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

### Fylkesrådmannen, 22.01.2015

Regional plan for museum 2011-2015 har som raud tråd at musea skal vere synlege samfunnsaktørar. Fylkeskommunen skal i sterkare grad nytte musea som tydelege partnarar i den regionale utviklinga. Museumsplanen skal rullerast kvart år, og vert ved slutten av planperioden avløyst av regional kulturplan. Arbeidet med kulturplanen starta opp i 2012, og skal leggje til rette for eit meir samordna kulturminnevern i Hordaland. Handlingsprogrammet i Kulturplanen skal handsamast politisk i mars 2015. Fylkestinget vedtok sjølve planen i desembermøtet 2014 (sak PS 84/2014). I budsjettet er det gitt løyving på 2 millionar kr. til oppfølging av museumsplanen, som såleis gjeld museumsplanen med dei 37 tiltaka. I forslag til løyvingar er det lagt vekt på tiltak som er ført vidare i kulturplanen, anten i fyrste eller andre del av planperioden. Denne saka har «Statusrapport for handlingsprogram 2014» og «Forslag til handlingsprogram for 2015» som vedlegg.

Fordelinga av museumsplanmidlar for 2015 viser at utfordringane og problemstillingane framleis er mange. Musea har mange oppgåver og forventningar knytt til si verksemd, samstundes som finansieringssituasjonen er vanskeleg. Samtidig inneber fleire av tiltaka utgreiingar for å avgrense og avgjere korleis eit museum med regional funksjon kan oppfylle forventningane som ligg i denne rolla, korleis ein skal utarbeide fellestenester og kva for eit felt som skal prioriterast. Ein føresetnad for slike utgreiingar er at musea arbeider saman, slik at ein får på plass fellesløyvingar som på lengre sikt skal vere økonomiserande og bidra til auka kvalitet på tenester. Arbeidet med felles samlingsforvaltingsplan er ei slik satsing. Musea får med dette også nye møteplassar for diskusjon av felles problemstillingar og tema, mellom anna kva samlingane skal innehalde.

### Vurdering av museumsplanen sitt handlingsprogram

Hovudinndelinga i museumsplanen er etter musea sine kjerneområde – fornying, forvaltning, forskning og formidling, slik dei også vert presentert i den statlege museumsmeldinga *Framtidas museum*. Det enkelte kjerneområde er inndelt i underområde med eit eller fleire delmål. I det følgjande vert det synt oversikt over museumsplanmidlar til dei prioriterte tiltaka åra 2012-2014. Museumsplanen har også ei satsing på tema kunst – industri – immateriell kulturarv og kystkultur. Det er vanskeleg å dele løyvingane inn etter tema, av di mange av løyvingane for 2014 var fellestiltak som meir galdt fokus på forvaltning, formidling, forskning og fornying. Det vil også verte sagt noko om kva for område som er særleg prioritert i handlingsprogrammet 2015. Fylkeskommunen samarbeider med fleire aktørar for at måla skal bli nådd.

Museumsplanen har 37 tiltak, av desse er åtte særleg prioriterte tiltak. Desse er: *Tiltak 1 Finansiering - drift og investeringar*, *Tiltak 5 Styrking av regionale ansvarsmuseum*, *Tiltak 8 Styrking av tematisk ansvarsmuseum*, *Tiltak 14 Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern*, *Tiltak 36 Etablering av hardingfelesenter*, *Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning*, *Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og dei konsoliderte musea*, *Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten*. Fram til revidering av tiltaksdelen i 2014 var *Tiltak 20 Etablering av industriarkiv og industrihistorie i Odda* også eit prioritert tiltak. Dette tiltaket fekk museumsplanmidlar i 2012 og tiltaket er gjennomført ( Fylkestinget marsmøtet 2014, PS 6/2014)

I åra 2012, 2013 og 2014 er det til saman løyvd 8,1 millionar kroner til oppfølging av handlingsprogrammet i museumsplanen. Dette inkluderer ekstraløyving på 2 millionar kroner til utstillingar frå Fylkestinget i juni 2013. Tabellen under viser samla løyvingar til dei prioriterte tiltaka:

Prioritert tiltak	Grunngjeving	Løyving	Om løyvinga
-------------------	--------------	---------	-------------

<b>Tiltak 1 Finansiering og drift</b>	Musea har store utfordringar med omsyn til drift og investeringar	3,7 mill. kr.	Sikringstiltak (klima, brann, tjuveri): 984 325 kr. Utstillingar: 2 250 000 kr Inventar/bygg: 465 675
<b>Tiltak 5 Regionalt ansvarsmuseum</b>	Fem av dei konsoliderte musea har status som regionale ansvarsmuseum. Dette inneber mellom anna rådgjevingsoppgåve i høve kommunar og frivillige	475 000 kr	Prosessar knytt til kommunar og frivillige
<b>Tiltak 8 Tematisk ansvarsmuseum</b>	Tre av dei konsoliderte musea har oppgåver som tematisk ansvarsmuseum	500 000 kr	Dei tre musea har fått midlar til utgreiing av oppgåver, ansvar og rolle
<b>Tiltak 32 Felles plan for samlingsforvaltning</b>	Samlingane er basis i musea si verksemd. Det er viktig å skaffe oversikt, koordinere og samarbeide	850 000 kr.	I dette arbeidet er inkludert registrering av samlingane i Nordhordland og utvikling av Bevaringstenestene gjennom arbeid med fellesmagasin
<b>Tiltak 34 Forskingssamarbeid mellom Universitetet i Bergen og musea</b>	Forsking er ei oppgåve for musea som må styrkjast	50 000 kr	Planlegging og gjennomføring av workshop, Bymuseet i Bergen i samarbeid med HFK
<b>Tiltak 42 Musea i samfunnsdebatten</b>	Musea skal vere synlege samfunnsaktørar	250 000 kr	Formidlingstiltak
<b>Tiltak 20 Etablering av industriarkiv og industrihistorie i Odde</b>		100 000 kr	Til etablering av senteret
<b>Tiltak 36 Etablering av Hardingfelesenter</b>		300 000 kr	Til hovudprosjekt
<b>Til saman til dei prioriterte tiltaka</b>		6 225 000 kr	

Løyvingar til dei prioriterte tiltaka som har fått museumsplanmidlar utgjer såleis nær 77 prosent av samla løyving.

I tillegg kjem løyving til prioritert tiltak 14 *Utvikling av kulturminnevern, bygningsvern og fartøyvern*. Ordninga skal styrkje samarbeidet mellom musea, kommunar og frivillige. Museum Vest og Sunnhordland museum har fått etablert bygningsvernkonsulentstillingar som prosjektstillingar. Det bør vurderast om desse skal verte faste stillingar.

## Forslag til handlingsprogram 2015

Det er ikkje fokus på å få inn nye tiltak, fordi ein no er på slutten av planperioden, og Regional plan for kultur inneheld prioriteringane dei neste ti åra. I handlingsprogrammet for 2014 vart det gjort ein gjennomgang av tiltaka, og talet på tiltak redusert frå 46 til 37.

Under tiltak 1 *Drift og investeringar* er det forslag om å sette av 200 000 kroner til utgreiing om bygningssituasjonen ved musea og kartlegging av behov for tiltak (museumsløft). Tiltaket fins i Kulturplanen.

Tiltak 3 *Museumsstrukturen – vurdering av vidare konsolidering*: Det ligg føre forslag om løyving på 400 000 kroner til eit større forprosjekt om den regionale konsolideringa. Det er ikkje gjennomført eit slikt arbeid nasjonalt. Det er framleis utfordringar og moglegheiter som den gjeldande strukturen ikkje fangar godt nok opp, både med omsyn til private og kommunale samlingar, men også innan den einskilde konsoliderte eining. Her vil det vere behov for ei ekstern vurdering. Her vert det foreslått eit forprosjekt med politisk handsaming av kva ei slik evaluering skal innehalde. Tiltaket finst i Kulturplanen.

Tiltak 5 *Styrking av regionale ansvarsmuseum* omfattar mellom anna det ansvaret dei regionale ansvarsmusea har som rådgjevar i museale- og kulturminnespørsmål overfor einingar som ikkje er ein del av dei konsoliderte musea. Oppgåva vil også omfatte behovet for å gjere tiltak/dokumentasjon i dei tilfelle ein bedrift, ei næring eller landskap er i endring. Det vert foreslått 200 000 kroner til slike dokumentasjonsoppgåver. Tiltaket finst i Kulturplanen.

Tiltak 32 *Felles plan for samlingsforvaltning* peikar på behovet for å få oversikt over samlingar – med utgangspunkt i dei konsoliderte einingane. Ei kartlegging av samlingane er ein føresetnad for å kunne seie noko om magasin- og sikringsbehova på kort og lengre sikt. Arbeidet med samlingsforvaltingsplan er godt i gang. Under tiltaket høyrer også utvikling og utviding av Bevaringstenestene. Bevaringstenestene utfører viktige fellesoppgåver for musea i Hordaland. Det har også ambisjonar om å bli eit nasjonalt senter innan tekstil. Prosessar er i gong frå fleire institusjonar som ønskjer at Bevaringstenestene skal ta på seg fleire oppgåver. Dette vil utløyse behov for driftsmidlar. I tillegg manglar ein viktig utstyr – Thermo Lignum-kammeret er framleis ikkje fullfinansiert. Løyvinga går såleis til ei ytterlegare finansiering av kammeret, som fekk 900 000 kr av museumsplanmidlane i 2012. Dette er eit så viktig verktøy for dei tenestene som Bevaringstenestene skal utføre, at det må på plass, før ein kan starte på arbeidet med utviding og utvikling. Det vert foreslått 750 000 kroner til eit Thermo Lignum-kammer. Tiltaket finst i Kulturplanen.

Tiltak 17 *Utgreiing om fellestenester for fotografi*. Handlingsprogrammet for 2014 signaliserte at tiltaket vart å kome attende til med museumsplanmidlar i 2015 til eit forprosjekt. Dette er eit døme på dei fellestenestene som musea på sikt kan få etablert. Det vert foreslått 150 000 kroner til eit forprosjekt. Tiltaket er representert i Kulturplanen.

Tiltak 30 *Digitalt museum og interaktiv kommunikasjon med publikum*. Så langt har fire av dei ti konsoliderte musea fått midlar til dette tiltaket. Det vert foreslått ei løyving som gir eit løft til dei resterande musea. Det vert foreslått 300 000 kroner, fordelt som 50 000 kroner på seks museum. Tiltaket har nær samanheng med satsinga på samlingsforvaltning.